

Soknerådsmøte i Moster kyrkje tysdag 12.03.2019

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Elin Taranger, Inger Marie Gjerde, Per Harald Gjerde, Mona Ingvaldsen Hodne, Sigurd Totland og Aksel Lygre.

Sak 26 – 2019 Godkjenning av innkalling og møtebok av 19.02.19, og i tillegg sak 24 og 25, handsama og vedtatt etter fullmakt frå soknerådet i AU 25.02.19. Sak om nominasjon av leke medlemmer i bispedømerådet som ikkje kom med i førre referat, vert sak 27. Referat av sak 25 vert endra, slik at namna vert tekne bort.

Innkalling og møtebok godkjend med overnemnde merknader og korrigeringar.

Sak 27 – 2019 Nominasjon av leke medlemmer til bispedømerådet 2019 – 2023.

Vedtak: Soknerådet bad AU i sitt møte 19.02. d.å. senda inn namn på spurde kandidatar til val av leke medlemmer i Bjørgvin bispedømeråd for valperioden 2019 - 2023. AU gjorde vedtak i denne saka den 25.02.19

Sak 28 – 2019 Oppfylging av tidlegare saker.

- **Årsmøte 2019**
- **Invitasjon til tur til Estland sommaren 2019. Ingen i soknerådet har høve til å reise, bortsett frå sokneprest og nestleiar.**
- **Lysekronene er på plass i nypussa tilstand, delvis ved hjelp av dugnad.**
- **Val av nytt sokneråd – Orientering om soknerådsvalet må kome på førstkomande gudsteneste.**
- **Konsert med Solveig Leithaug.**
- **KN-aksjonen 9.april. Materiell er tinga. Soknerådsmedlemmer vert oppmoda om å vere med.**

Sak 29 – Møte med tilsette og andre medarbeidarar: Evaluering og forslag til tiltak og endringar:

- Det er framleis manko på mannsstemmer i koret. Å spørje folk direkte vart føreslått. Også på Facebook og på storskjerm i kyrkja kan folk spørjast.**
 - Det vart ein samtale om korleis ein kan møte utlendingar , som ikkje har noko forhold til kristendom, og få dei med i gudstenestefellesskapen.**
 - Det vart diskutert korleis ein på ein diskret måte kan hjelpe dei som treng ei hand opp og ned i samband med nattverden.**
 - Det vart også diskutert korleis ein kan leggje til rette for forbøn på einskilde gudstenester. Det kom eit forslag om bønnevandring på einskilde vanlege gudstenester, og eit forslag om fleire forbønsgudstenester på kveldstid. Bønnelappar i bønnekrukke kan også gjennomførast.**
- Moster sokneråd vedtek å ha to kveldsgudstenester i semesteret, og ei søndagsgudsteneste med bønnevandring i semesteret. Innføring av bønnelappar i**

ordinære gudstenester.

Sak 30 – 2019 Konfirmasjonsfest 28.april. Per Harald, Elin og Aksel er komité.

Sak 31 – 2019 Gjennomgang av arrangement fram til sommaren.

- Konfirmasjonar 11. + 12.mai. Kyrkjevertar, parkeringsvakter, pynting må ordnast.
- 17.mai-gudsteneste: Ordning for kollekt avklart.
- Moster amfi 9.juni – pinsedag. Mostraspelsgudsteneste.

Sak 32 – 2019 Miljøtiltak for konfirmantane i Moster

Ulike miljøtiltak: Hjelpa til på myldredag, hjelpa til på AKTIV, hjelpa til i gudstenesta, hjelpa til med lyd og bilete, delta i «husgruppe.»

Sak 33 – 2019 Referat og meldingar

- Oppmerking av parkeringsplassar. Ingenting gjort enno.
- Besøk frå Estland 8.-10.mars: Gjensidig nytte.
- Oppretting av gudstenesteteam. Behov for ein kvinneleg medarbeidar, og at gudstenesteteamet går i gong, utan å ha alle vaksne leiarar på plass.
- Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre
- E-post til sokneråda etter sak 21 – 2019
- Info sak 23 – 2019: Maling av preikestol, lesepult og døypefont.
- Det vert samrådsmøte i kyrkja den 2. april. Kl. 19.30.
Soknerådsformann sender ut innkalling. Inger Marie tek ansvaret for bevertning.

Sak 34 – 2019 Moster kyrkje 150 år 2024.

Det førre jubileumsheftet må leitast fram, slik at me kan få lage eit jubileumsskrift for 2024.

Per Harald Gjerde

skrivar